



# MØTEPROTOKOLL

---

<b>Utval:</b>	<b>Formannskapet</b>
<b>Møtedato</b>	<b>07.09.2017</b>
<b>Møtetid:</b>	<b>Kl. 16:15 - 19:00</b>
<b>Møtestad:</b>	<b>Kommunehuset</b>

---

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

<b>Medlemmer møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Aadland, Nils	A
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Tveit, Lena	BL
Haga, Odd Arne	FRP
Røen, Arild	H
Aasgaard, Inge	KRF
Røen, Øyvind	SP
Tjønnå, Monica	SP

## Møtenotater:

Andre møtande: Rådmann Hageberg, Sektorleiar organisasjon Boge og ass.rådmann Våge

<b>Møteleiar:</b>	Frøland, Knut Harald
<b>Møtesekretær:</b>	Våge, Hilde-Lill

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	Under faste saker
<b>Utvalet sitt kvarter</b>	Under faste saker
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	Ingen

## Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, <dato>

---

Frøland, Knut Harald  
ordførar

---

Våge, Hilde-Lill  
sektorleiar samfunn og utvikling

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
034/2017	17/840	Faste saker	
035/2017	16/544	Tilstandsrapport grunnskulen 2017	
036/2017	17/559	Brannsamarbeid - Vest brann og redningsregion	
037/2017	17/770	Omlegging av takst og rabattsystemet for Kvammapakken	

## SAKNR. 034/2017: Faste saker

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

### 07.09.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Under godkjenning av møteinnkallinga stilte Olaug Øystese (Ap) spørsmål om epostkorrespondanse frå Hammersland burde verte sett opp som eiga sak. Formannskapet drøfta dette og slutta seg til å godkjenne saklista slik den ligg føre.

### Informasjon frå ordførar og ass.rådmann:

Kommunen brukar no advokatkontoret Stiegler til å handtera sakene som vedk. Rolvs vågindustrier v/Hansen og J.O.Haga representert v/Hammersland. All korrespondanse i desse sakene skal gå gjennom kommunen sin advokat, og epostkorrespondansen som alle kommunestyremedlemmane har motteke vil verte besvart innan denne veka, med kopi til kommunestyret. Rådmannen vil følgje opp og informera formannskapet om det som vedk. tilsett. Odd Arne Haga (Frp) bad rådmannen om ei særkilt undersøking om forholdet som vedk. oljetanken.

### Ordførar informerte:

Formannskapet slutta seg til å ha kommunestyremøtet den 20. sept. på biblioteket på Bjørkheim.

Formannskapet slutta seg til å handsama finansiering av veg i industriområdet, og finansiering av kommunplanarbeidet og analyse av Børdalen direkte i kommunestyret den 20 sept.

Det er inngått avtale med Bjørsvik om å leia prosjektet - Revitalisering av Ytre-Tysse. Formannskapet vert invitert til idemøte den 19 sept. Dette er eit ope møte som vert annonsert i Samningen.

Kommunen har søkt om prosjektmidlar hos HFK for å starte eit forprosjekt om å utvikle Fossen Bratte og området der.

Ordførar har hatt møte med BOF og dei kan vera interessert i avtale for område i Ospevika, på gjerde og på Bjørkheim.

**Rådmann** orienterte om overskriding av på omlag 500.000 kroner for reperasjon av spiret på Aadlandkyrkja. Endeleg tal og finansiering av meirutgifta vil verte handsama i samband med tertialrapportringa til kommunestyret i oktober.

**Sektorleiar organisasjon** orienterte om ny innkjøpsavtale for arbeidstøy. kommunen har tidlegare hatt avtale gjennom Bergen innkjøpsordning. Formannskapet slutta seg til å no gå ut med ope anbod med reservasjonsrett.

### Utvalet sitt kvarter:

Monica Tjønnå (Sp) stilte spørsmål om bakgrunn for å flytte returpunktet frå Bjørkheim . Ass.rådmann orienterte om at det ikkje var reuglert inn for dette og at det meførte ein del anna søppel rundt punktet då det var i parken.

Arild Røen (H) vil gje skryt til kommune for rask opparbeiding av hoppgrup og kulering i idrettsanlegget i Hagabotn. Han takka og ordøfraren for fin tale og medaljeutdeling under NM i orientering på Kvamskogen.

Lena Tveit (Bl) stilte spørsmål om når saka om delingstimetale i skule kjem opp i kommunestyret. Ass.rådmann orienterte om at den vil kome som eiga sak i samband med handsaminga av budsjett/økonomiplan.

Nils Aadland (Ap) bad om at friluftsområdet på Aadland og vert med i BOF sine område. Dette er eit privat område og føresett avtale med grunneigarane. Kommunen sjekker moglegheita for dette.

## **FORM- 034/2017 Vedtak:**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerede vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

## **SAKNR. 035/2017: Tilstandsrapport grunnskulen 2017**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Tilstandsrapporten for grunnskulen i Samnanger 2017 som ligg vedlagt vert teken til etterretning.

### **07.09.2017 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Handsaming i møtet: Formannskapet drøfta rapporten og peika bl.a spesialundervisning og tidleg innsats, delingstal for klasser, bruk av assistentar kontra pedagogar, tilrettelagt undervisning for flinke elevar og øyremerka midlar knytt til tidleg innsats.

Det vart og stilt spørsmål om korleis foreldre og elevar vert involvert i resultata og utarbeiding av rapporten. Sektorleiar for Oppvekst vil orientere nærare om dette i kommunestyret.

## **FORM- 035/2017 Vedtak:**

Tilstandsrapporten for grunnskulen i Samnanger 2017 som ligg vedlagt vert teken til etterretning.

## **SAKNR. 036/2017: Brannsamarbeid - Vest brann og redningsregion**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune sluttar seg til brannsamarbeidet og inngår som medlem i Vest brann og redningsregion, i medhald av kommuelova § 27, brann- og eksplosjonsvernlova §§ 15 og 16, og forureiningslova §§ 43 og 44.

Samnanger kommune slutter seg til vedtektene for samarbeidet.  
og etablering av samarbeidet.

- Ut frå gjeldande vedtekter vel Samnanger kommune ein årsmøtorepresentant for gjeldande kommunevalperiode: Ordførar
- Samnanger kommune gjev Bergensalliansen fullmakt til å velje eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungera inntil ordinært styre vert vald av det første ordinære årsmøtet.
- Samnanger kommune får 1 representant i styret.
- Melding om vedtak sendast sekretariatet til Bergensalliansen.
- I første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet for utvikling av spesialtenester for

regionen, materiell og fellessystem, og sekretariatstenester skal vera på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skal denne budsjettposten berre justerast for pris- og lønsvekst.

### **07.09.2017 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Samrøystes vedteke.

## **FORM- 036/2017 Vedtak:**

Samnanger kommune sluttar seg til brannsamarbeidet og inngår som medlem i Vest brann og redningsregion, i medhald av kommuelova § 27, brann- og eksplosjonsvernlova §§ 15 og 16, og forureiningslova §§ 43 og 44.

Samnanger kommune slutter seg til vedtektene for samarbeidet.  
og etablering av samarbeidet.

- Ut frå gjeldande vedtekter vel Samnanger kommune ein årsmøtorepresentant for

gjeldande kommunevalperiode: Ordførar

- Samnanger kommune gjev Bergensalliansen fullmakt til å velje eit interimsstyre for Vest brann- og redningsregion som skal fungera inntil ordinært styre vert vald av det første ordinære årsmøtet.
- Samnanger kommune får 1 representant i styret.
- Melding om vedtak sendast sekretariatet til Bergensalliansen.
- I første driftsåret vert det lagt til grunn at budsjettet for utvikling av spesialtenester for

regionen, materiell og fellessystem, og sekretariatstenester skal vera på fem millionar kroner. Dei to neste driftsåra skal denne budsjettposten berre justerast for pris- og lønsvekst.

## **SAKNR. 037/2017: Omlegging av takst og rabattsystemet for Kvammapakken**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommunar stiller seg bak forslaget om å endre takstane i Kvammapakken i tråd med regjeringa sitt forslag om å innføre nytt takst- og rabattsystem omtalt i Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015-2016).

1. Samnanger kommune ber om at ny takst- og rabattordning vert innført i Kvammapakken.

Dagens tilleggsavtale for å oppnå lokal rabatt i vert avvikla.

2. Det vert innført ein rabatt på 20 pst. for køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke

og gyldig brikkeavtale. Det vert ikkje gjeve rabattar for køyretøy i takstgruppe 2.

3. Takstane vert sett til (2017-kroner): Kr. 46 for takstgruppe 1. Kr. 71 for takstgruppe 2
4. Dagens ordning utan passeringstak vert vidareført

### **07.09.2017 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Samrøystes vedteke.

### **FORM- 037/2017 Vedtak:**

Samnanger kommunar stiller seg bak forslaget om å endre takstane i Kvammapakken i tråd med regjeringa sitt forslag om å innføre nytt takst- og rabattsystem omtalt i Prop. 1 S Tillegg 2 / Innst. 13 S (2015-2016).

1. Samnanger kommune ber om at ny takst- og rabattordning vert innført i Kvammapakken.

Dagens tilleggsavtale for å oppnå lokal rabatt i vert avvikla.

2. Det vert innført ein rabatt på 20 pst. for køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke

- og gyldig brikkeavtale. Det vert ikkje gjeve rabattar for køyretøy i takstgruppe 2.
3. Takstane vert sett til (2017-kroner): Kr. 46 for takstgruppe 1. Kr. 71 for takstgruppe 2
  4. Dagens ordning utan passeringstak vert vidareført